

Til deg som er brukar av kommunalt vatn og avløp

## Endring i gebyrregulativet for vatn og avløp f.o.m. 01.01.2019

### Bakgrunn

Den 12.12.2018 vedtok kommunestyret endring på intervall for vatn og avlaup. Bakgrunn for endringa er gjennomgangen av grunnlaget for kommunale avgifter som synte at for mange av abonnentane var det ikkje samsvar mellom bruksareal og intervall.

Grunnlaget for berekninga av gebyrets størrelse er bygningens bruksareal (BRA) samla for alle etasjar som er registrert i matrikkelen. Garasjar som har felles vegg med bygningen skal vere trekt i frå bygningens samla bruksareal. Bruksareal må ikkje forveksles med «bustadarealet» som Skatteetaten nyttar.

Årsgebyr vatn		Årsgebyr avløp	
Bustad		Bustad	
Næring, inkl landbruk, pliktig bruk av vassmålar		Næring, inkl landbruk, pliktig bruk av vassmålar	
0-120 m <sup>2</sup>	3780,-	0-120 m <sup>2</sup>	3780,-
121-200 m <sup>2</sup>	4750,-	121-200 m <sup>2</sup>	4750,-
201m <sup>2</sup> og over	6300,-	201m <sup>2</sup> og over	6300,-

### Kva betyr dette for deg?

At bruksarealet frå matrikkelen vert nytta medfører at alle no kjem i riktig intervall. Dei fleste er plassert i same intervall som tidlegare, medan nokre er plassert i eit lågare eller høgare intervall.

### Har du kome i feil intervall?

Bruksarealet hentas frå matrikkelen som er Noregs offisielle register for informasjon over fast eigedom, bygningar og adresser. Dersom du meiner at grunnlaget er feil må du sende dokumentasjon (takstrappport og/eller teikningar) til kommunen. Innsendt dokumentasjon vert deretter handsama i tråd med matrikkellova § 26.

### Pliktig bruk av vassmålar

Nokre nærings- og landbrukseigedomar i kommunen er kopla til kommunalt vatn og avlaup, og betaler no etter fastsette intervall i gebyrregulativet. Den 12.12.2018 vedtok kommunestyret at det skal vere pliktig bruk av vassmålar for alle nærings- og landbrukseigedomar som er kopla til kommunalt vatn og avløp. Det kjem eigen informasjon om dette til dei det gjeld.